

# Årsmelding frå styret i Tromsø SV 2017

Styret i Tromsø SV har hatt slik samansetning etter konstituering 21.01.17 (valt på årsmøtet 26.01.17):

Leiar	Pål Julius Skogholst
Nestleiar	Ingrid Marie Kielland
Skrivar	Ellen Herland
Kasserar	Jørund Jørgensen
Styremedlemmar	Abdalla Ali Mohammed Anders Torgeir Lind Johanne Lunde (SU)

Varamedlemmar	Jens Revold Tone Bjørnsen Stein Valkoinen
---------------	---

Anders T. Lind er ansvarleg for skolering og opplæring.

## Styremøte

Styret har hatt 10 **styremøte** i perioden 21.02. – 16.11.17.. Oppmøtet har vore litt varierande, men nok til at vi var vedtaksføre. Stort og godt engasjement heile vegen. Alle møta har gått føre seg på partikontoret. Nokre gonger har medlemmar av styret deltatt via skype/telefon.

## Medlemsmøte/opne møte i 2017

Det har vore sju ulike arrangement i løpet av året for alle medlemmar. Det har vore tre medlemsmøte, 1. maifrokost, bli kjent med SV møte oa. I tillegg arrangerte vi fredagskafe fredagane i valkampen.

## Valkampen

Valkampen var den største politiske og organisatoriske jobben i 2017. Overordna gjekk det veldig bra. Troms vart beste SV-fylket i landet, og Tromsø vart den tredje beste SV-kommunen i valet. I Tromsø var det høg aktivitet og stor deltaking i valkampen frå medlemmane. Mellom 80-100 personar deltok i valkampen med aktivitet på alt frå kaffekoking til standsståing og debattdeltaking. Mange fleire deltok gjennom deling av saker på sosiale media og gjennom å prate med naboar og vene.



Det største arrangementet var på torget siste laurdagen i valkampen. Vi var velsigna med godt vær og det vart eit fantastisk arrangement.

## Arbeidsplan 2017 for Tromsø SV

Årsmøtet i Tromsø SV i 2017 vedtok slik arbeidsplan:

Dette dokumentet skal gje ei retning for arbeidet i Tromsø SV i året som kjem. Planen vil ikkje kunne følgjast slavisk, men vere retningsgjevande.

2017 er eit stortingsvalår. Det aller viktigaste i dette året vil vere å bidra til at SV beheld stortingsmandatet i Troms. Samstundes skal vi halde fram med å gje medlemmane gode kanalar for innverknad på politikken i Tromsø kommune. Tromsø SV er i vekst i medlemstalet, det er sannsynleg at det vil halde fram i eit valkampår. Det betyr at vi må bli flinkare til å gje nye (og gamle) medlemmar eit tilbod om arenaer for å delta i partiet og opplæring i partiet sin politikk. Forøvrig er det viktig at Tromsø SV legg til rette for at medlemmane skal ha innflytelse på prosessar sentralt i partiet.

### Mål for året:

1. Tromsø SV skal jobbe aktivt for eit godt resultat i stortingsvalet.
2. Styret skal legge til rette for at medlemmane får innverknad på politikken i Tromsø kommune. Arbeide for å ta vare på sigrane vi fekk i samarbeidserklæringa mellom SV, Raudt og Ap om styringa av Tromsø kommune.
3. Tromsø SV skal vere ein arena for utvikling av politikk.

### Handlingar:

- Arrangere opne og lukka møter om sentrale tema, og legge til rette for gode vedtak.
- Arrangere ulike lågterskeltiltak/sosiale tiltak for at det skal bli lettare å bli med i partiarbeitet.
- Vidareutvikle kommunikasjonen med medlemmar og andre ved bruk av e-post, sosiale media og andre kanalar.
- Utvikle eit betre opplærings- og skoleringstilbod i Tromsø SV.
- Arrangere møte/sosialt arrangement for nye og potensielle medlemmer
- Ha ein aktiv valkamp."

### Vurderinga av om arbeidsplanen er oppfylt

Styret vurderer at arbeidsplanen i all hovudsak er oppfylt. Det er fleire punkter der vi kan jobbe enno betre, kanskje særleg gjeld det å ha eit betre opplærings- og skoleringstilbod for nye medlemmar.



Vi har og eit potensiale på å bli enno betre på å la partiet vere ein arena for å utvikle politikk for Tromsø og Noreg og å fungere som eit verktøy for medlemma for å oppnå politisk endring.

### Medlemstal pr. 31.12.16 og 31.12.17

Det var 203 medlemmar i Tromsø SV per 31.12.16, 31.12.17 var det 262 medlemmar i Tromsø SV. 18 av desse vart strokne frå medlemslista ved årsskiftet.

Dette gjer Tromsø SV til det sjette største lokallaget i SV.

### Medlemmar i Tromsø SV med verv i andre delar av partiet

- Torgeir Knag Fylkesnes, stortingsrepresentant
- Ellen Øseth, gruppeleiari på fylkestinget
- Bjarne Rohde, leiar i Troms SV
- Lisa Bjørnsdatter Helgason, miljøpolitisk utval
- Gunhild Johansen, fylkesstyremedlem i Troms SV
- Hilde Lange, fylkesstyremedlem og kasserar i Troms SV

Pål Julius Skogholt  
(sign.)

Ingrid Marie Kielland  
(sign.)

Jørund Jørgensen  
(sign.)

Abdalla AliMohammed  
(sign.)

Anders Torgeir Lind  
(sign.)

Ellen Herland  
(sign.)

Johanne Lunde (SU)  
(sign.)